

Oppdaga Uskedalselva for over 30 år sidan.

01.07.2016



Arnt Erik Skjøtskift og leiaren i Uskedal Utvikling, Kristian Bringedal er heilt samde om at elva er ein viktig ressurs for bygda.

Tidleg på 80-talet var Arnt Erik Skjøtskift og fiska i Uskedalselva for første gong. Etter det har det blitt mange turar til Uskedalen for den lidenskapelege elvefiskaren. Mange flotte fiskar har han landa, men likevel er det det gode miljøet og den fine kontakten med bygdefolk og andre fiskarar som er ein viktig grunn til at han stadig kjem tilbake.

Arnt Erik Skjøtskift er oppvaksen i Melhus i Sør-Trøndelag like ved den store lakseelva Gaula. Fiskeinteressa har han hatt med seg sidan han var liten. No bur han på Bømlo, og det er ein viktig del av forklaringa på at han hamna i Uskedalen tidleg på 80-talet. Første tida var ikkje fisketurane til Uskedalen så tette, men i minst 10 år har han no besøkt Uskedalselva kvar einaste sesong. Og han er ikkje berre ein gong, men gjerne 4-5 turar kvart år. Han brukar å vera her 1 - 3 dagar i slengen.

Skjøtskift fiskar mest med mark og sluk her i elva, og også denne sesongen har han landa fleire flotte fiskar. Han seier at det er mykje fisk i elva, både laks og aure. Ved opninga var det mykje stimar med aure, medan det no går meir i laks i storleiken 3 - 5 kg.

Når vi spør han om hans syn på utsiktene for Uskedalselva, er den røynde fiskaren svært positiv.

- Eg syns neverande styre forvaltar elva på ein god måte. At elva er veldriven, er også viktig for bygda sitt renomé. Restriksjonane som no gjeld, er nok nødvendige då talet på fiskarar aukar, seier Skjøtskift og meiner at kvotane på 2 fiskar pr. døgn og 10 i sesongen er rimelege. Fiskekortkjøp og rapportering via nettet fungerer svært godt for han, og han rosar den gode kontakten han har med leiaren i eleveeigarlaget, Anbjørn Høivik, via e-post.

Det einaste som bekymrar fiskeentusiasten er rekrutteringa. Han syns det er for få born og ungdommar å sjå langs elva. Han deler med glede av sine råd og erfaringar både om fiskeplassar og fisketeknikkar. Derfor fortel han glad om 2 unge gutter han hadde snakka med litt tidlegare på ettermiddagen før dei gjekk til elva. No sit han spent ved bubilen og ventar på resultatet når dei kjem tilbake.

Dei seinare åra har han budd i velustyrt bubil. Denne gongen er denne plassert ved forsamlingshuset Vonheim. Han rosar også den positive måten han vart møtt på då han ringde og spurde om han kunne ha den plassert der. Og akkurat den gode kontakten med bygdefolk og andre fiskarar understrekar han som ein viktig grunn til at han stadig er tilbake i Uskedalselva. Han gjer nok sitt til dette sjølv også. Bladfykane vart straks bygd på nytrekt kaffi, og det vart ei svært koseleg stund med fiskeprat under teltduken ved Vonheim. Utanfor sytte regnet for gode fisketilhøve i elva.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland